



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas

Telefon ktr.: 22 34 40 06

Telefon priv. : 22 28 68 80

Informasjonssjef Øivind Østang

Telefon ktr.: 22 34 40 37

Telefon priv. : 22 22 28 01

Postboks 8001 Dep., 0030 OSLO

Telefaks: 22 34 95 00

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 12. 11.1993

STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Statsministeren vitjar Storbritannia frå søndag 14. til onsdag 17. november, for å vere med på eit oppfølgingsmøte i Palme-kommisjonen, halde føredrag på London Business School og London School of Economic and Political Science, møte parlamentarikarar og ha samtale med statsminister John Major. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Frå søndag til mandag bur følgt på Ditchley Park ved Oxford, telefon 095 44 608 677 346 - telefax 095 44 608 677 399. Frå måndag til onsdag bur dei på Forte Crest St. James' Hotel i London, telefon 095 44 71 930 2111 - telefax 095 44 71 839 2125.

For nærare informasjon om presseopplegget viser vi til ambassaden i London, presseattaché Tanja K. Hegge, telefon 095 44 71 235 7151 - telefax 095 44 71 245 6993. Fotografar som vil arbeide utanfor Downing Street tysdag morgon, må melde seg til Hegge innan måndag 15. kl 15.00.

Statsministeren kjem til Ditchley Park i Enstone ved Oxford søndag ca. kl. 14.30, frå Oslo. På møtet vil medlemmer av Palme-kommisjonen og andre drøfte globale sikkerhets- og styringspørsmål. Interesserte pressefolk kan vende seg til arrangøren, ved Hans Dahlgren på Ditchley Park.

Måndag 15. november reiser statsministeren til London, der ho kl. 12.30 møter britiske parlamentarikarar til lunsj i Underhuset. Kl. 18.30 held statsministeren den årlege Stockton-førelsinga på London Business School, Sussex Place. Tema for talen er "World Prosperity". Etter førelsinga er statsministeren gjest under ein middag som skulen gjev.

Tysdag 16. november møter statsministeren statsminister John Major kl. 10.00, i Downing Street 10. Det er høve til fotografering utanfor etter samtalen. Kl. 11.00 er statsministeren tilgjengeleg for norsk presse, i ambassaden, Belgrave Square 25. Kl. 12.30 møter statsministeren representantar for Labour, i den norske ambassadørbustaden i 10 Palace Green. Kl. 17.00 held statsministeren "The Second 1949 Seminar Memorial Lecture" på London School of Economic and Political Science, i Houghton Street. Tema for talen er "The Good Society". Etter førelsinga og ei mottaking er statsministeren gjest under ein middag på skulen.

Statsministeren er attende i Oslo onsdag føremiddag.